

# Robo sapiens

av Triggerforfattar Hanne S. Finstad

Om du hadde ei tidsmaskin og vitja meg der eg vaks opp i Oslo på 1970-talet, ville du trulig synes at eg var ganske så fjern. Eg ville ikkje hatt peiling på datamaskiner, Internett, e-post eller TV-spel. Om eg skulle spele musikk for deg, hadde eg trulig brukt store svarte plater av vinyl. Men då eg fylte 13 år, skjedde det noko. Eg fekk eit kalkulatorbyggjesett frå USA og klarte å setje det saman. Det var magisk at ein så liten maskin kunne rekne ut vanskelige reknestykke lynraskt. Fram til eg fekk denne maskina hadde eg slått opp i tabellar når eg skulle gange saman tal som var store. Året etter, då eg stod til konfirmasjon, fikk nokon av gutane i klassen imponerende digitalklokker! Tenk deg, klokker som berre hadde ein liten skjerm med tal i staden for visarar. Størst inntrykk gjorde likevel dei første mobiltelefonane. Sjølv om dei var store som koffertar og vi først måtte ringje til ei dame på ein telefonsentral for å opplyse om nummeret vi ville ringje, var det heilt fantastisk å kunne sitje på hytta langt til fjells og snakke med folk i Oslo. I dag er alle desse tinga daglegdagse for deg. Du har kanskje din eigen mobil og kan bruke både datamaskin og TV-spel kvar einaste dag. Grunnen til det er at du veks opp i ein heilt spesiell epoke i jordas historie. Menneska i steinalderen brukte kanskje 10 000 år på å finne opp eit nytt verktøy. Frå år 1000 og fram til 1800-talet gjekk det minst hundre år mellom viktige tekniske oppfinningar. Men berre på 1900-talet ble det utvikla like mykje ny teknologi som dei førre 1000 åra til saman. I dag går utviklinga enda raskare. Mykje tyder på at datamaskinane om 20 år vil være betre enn menneskehjernen til å rekne ut ting. Då kan det bli freistande å byggje maskinar inn i kroppen. Tenk berre på kor fint det kunne vere å få ein liten datamaskin i hjernen. Om du skal til Italia kan du berre leggje inn eit lite dataprogram om det italienske språket, så kan du snakke flytande italiensk når du er der. Det er allereie menneske som har kopla maskiner til kroppen.

Menneske som har mista ein arm kan få ein kunstig «terminator»-arm som styres av hjernesignal. Amerikanaren «Jerry» kan lese sjølv om han er blind. På nasen har han TV-kamerabriller som sender signal ned til ei lita datamaskin han har på brystet. Maskina omdannar signala til elektriske impulsar hjernen kan forstå og sender dei inn i hjernens synssenter gjennom ein kabel. Ein har òg klart å kople menneskehjernen direkte til ei datamaskin. Slik har menneske som var lamme og ikkje kunne snakke, byrja å «snakke» igjen – gjennom ei datamaskin. Med trening klarar dei å styre hjernesignala slik at dei kan velje bokstavar på skjermen som seier «eg er tørst» eller «vær så snill å skru av lyset». I framtida blir det kanskje mogleg å kopiere alle data som er i hjernen over til datamaskiner. Nokre forskarar drøymmer faktisk om å flytte tankane sine over i ei datamaskin og leve vidare som pensjonistar i ein elektronisk verd når kroppen blir utsliten. Tanken er merkelig, men ein ting er sikkert: Om vi ser på alt som har skjedd gjennom jordas historie, er det lite som tyder på at vi menneske vil herske over planeten til evig tid. Berre 1% av alt som har levd på jorda er her framleis. Resten har dødd ut. Robo Sapiens, ein blanding mellom menneske og maskin vil bli vår etterfølgjer, meiner framtidsforskarar. Kanskje får vi vite om dei har rett – i vår levetid.